

# På felles skattejakt

**Kvart år forsvinn mellom 50 og 100 milliarder kroner ut av samfunnsøkonomien på grunn av svart arbeid og økonomi.**

**SYKKYLVEN.** Det vil aktørane i arbeidslivet gjere noko med.

– Å få til ryddigheit og ordentlege tilhøve i arbeidslivet er viktig for heile samfunnet, seier skattedirektør Svein Ragnar Kristensen.

Denne veka var han og ei rekke andre aktørar samla i Sykkylven i samband med kampanjen mot svart økonomi. Her var det bedriftsbesøk hos Ekornes ASA.

**Allianse.** Skatteetaten har nemleg inngått ein allianse med NHO, YS, UNIO, LO, og KS i kampen mot den svarte økonomien.

Forumet har fått namnet Samarbeid mot svart økonomi.

Representantar frå alle desse aktørane, med unntak av UNIO som er i streik, var på plass i Sykkylven.

Og at Ekornes var møtestad var ikkje tilfeldig. Men det var ikkje på grunn av svart arbeid – tvert imot:

– Mange har lagt merke til det sterke samfunnsansvaret Ekorneskonsernet har vist i mange år,

eit ansvar som kjem til uttrykk mellom anna i dei etiske reglane, mål og verdiar bedrifta har. Det var difor naturleg med eit bedriftsbesøk då vi fekk det sentrale forumet i organisasjonen på besøk, seier Odd Arne Eidem. Han er underdirektør i Skatt Midt-Norge.

Og produktutviklingsdirektør Arve Ekornes kvitterte med at dei er opptekne av å oppføre seg skikkeleg, både ute og heime.

– Vi seier mellom anna nei til å delta i korrupsjon. Det har ført til at vi har gått glipp av nokre marknader i utlandet, sa Ekornes – og streka under at dei har som mål å ikkje gjere noko som ikkje toler dagslys.


Om Ekorneskonsernet meiner å ha sitt på det tørre, så er det tydelegvis så som så med haldningane til mange av oss andre:

– Dei siste meningsmålingane var urovekkjande. Stadig fleire seier det er ok med svart arbeid, seier skattedirektøren.

Kristensen forklarar at kampanjen mot svart arbeid er viktig

**Pensjonen blir liten dersom du har arbeid mykje svart**

SVEIN RAGNAR KRISTENSEN



**EKORNESBESØK.** Odd Arne Eidem, underdirektør i Skatt Midt-Norge (til venstre), i samtale med produktutviklingsdirektør Arve Ekornes (i midten) og skattedirektør Svein Ragnar Kristensen.

FOTO: TERJE ENGÅS

for det norske næringslivet, ikkje berre for statskassa.

– Vi vil kjempe mot svart arbeid for å unngå ei uønska konkurransevridning, for å sikre eit seriøst arbeidsliv, og for å sikre skatteinngangen, forklarar han.

**Ungdom.** Det haldningsskapinge arbeidet til forumet går

føre seg på fleire arenaer – mellom anna i den vidaregåande skulen, hos lærlingane, og gjennom å halde konferansar om offentlege innkjøp.

Skattedirektøren seier at det til slutt slår tilbake på den enskilde dersom vedkomande har arbeid mykje svart:

– Eg har høyrte om handverka-

rar som vert overraska over kor lite dei får i pensjon. Men pensjonen blir liten dersom du har arbeid mykje svart, seier skattedirektør Svein Ragnar Kristensen.

TERJE ENGÅS  
terje.engas@smp.no